

Høyringsfråsegn frå Språkrådet om NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*

Språkrådet viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet av 19. februar 2020 om NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*, der departementet mellom anna ber om at høyringsinstansar som ikkje deler universitets- og høgskulelovutvalets vurderingar, kjem med konkrete framlegg til lovtekst. Me viser også til mandatet, der det heiter at utvalet skal «utforme et regelverk som tydelig beskriver ansvar, rettigheter og plikter, både for universitetene og høyskolene», og at regelverket skal «være skrevet i et godt og klart språk».

Høyringsfråsegna frå Språkrådet omhandlar §§ 2-2 og 2-3 og inneheld òg eit avsnitt om språkføringa i lovframlegget.

Språkrådet stør framlegget om å vidareføra ei eiga føresegn om ansvaret som universitet og høgskular har for å utvikla og vedlikehalda norsk fagspråk, og kjem med framlegg om ny ordlyd i § 2-2 første ledd.

Språkrådet stør framlegget om å lovfesta retten til eksamen på ønskt målform i UH-lova § 2-2 andre ledd og å utvida denne retten til å gjelda studentar ved private institusjonar for høgare utdanning.

Språkrådet meiner at § 2-2 bør innehalda eit tredje ledd som viser at føresegna også omfattar norsk teiknspråk, og kjem med framlegg til ordlyd.

I motsetnad til utvalet meiner Språkrådet at innhaldet i § 1-4 tredje ledd i den gjeldande lova må vidareførast i § 2-3 i den nye lova.

Språkrådet oppmodar Kunnskapsdepartementet til å setja av nok tid til å revidera lovteksten språkleg (mellom anna arbeida meir med terminologien) etter høyringsrunden.

Bakgrunn for framlegga frå Språkrådet

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal følgja opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet, blant anna ved å observera og analysera aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet.

Den 12. mai i år presenterte regjeringa eit framlegg til språklov, Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*¹. I proposisjonen blir dei språkpolitiske måla for språkpolitikken i åra som kjem, slegne fast. Hovudmålet er at norsk skal sikrast som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg. Språkpolitikken er sektorovergripande. Det vil seia at alle departement skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk.

¹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*
<https://www.regjeringen.no/contentassets/92c0cb2b20ba4d2aac3c397c54046741/nn-no/pdfs/prp201920200108000dddpdfs.pdf>

I framlegget til språklov (§ 1) heiter det også at det offentlege skal ta eit særleg ansvar for å bruka, utvikla og styrkja norsk språk, både bokmål og nynorsk, og språkpolitikken skal fremja reell jamstilling mellom dei to skriftspråka. Det offentlege har eit særleg ansvar for å fremja nynorsk som det minst brukte språket. Dette inneber at situasjonen for nynorsk som mindretalsspråk blir vurdert særskilt, til dømes i politikktvikling eller lovarbeid som gjeld norsk språk.

Universitets- og høgskulesektoren er strategisk viktig for å sikra norsk som eit fullverdig, samfunnsberande språk, og sektoren er viktig for statusen til det norske språket i samfunnet. I proposisjonen blir forskning og høgare utdanning peika på som eit strategisk viktig domene for å sikra norsk språk som samfunnsberande. Samstundes blir det vist til at norsk i stadig mindre grad blir brukt i høgare utdanning.

Den omfattande internasjonaliseringa i universitets- og høgskulesektoren fører til at engelsk tar meir og meir over i sektoren. Om det ikkje blir sett inn relevante språktiltak, kan internasjonaliseringa koma i konflikt med omsynet til norsk språk. Språket som blir brukt i universitets- og høgskulesektoren, spreier seg til alle andre samfunnssektorar. Slik får internasjonaliseringa i sektoren konsekvensar for heile det norske samfunnet.

I proposisjonen blir det lagt vekt på at «[d]et lovpålagde ansvaret universitets- og høgskulesektoren har for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk, er viktig for språkutviklinga både i sektoren og i samfunnet elles. For at norsk språk skal vere den infrastrukturen som demokratiet har behov for, må norsk fagspråk haldast ved like og utviklast i alle sektorar». Formidling av kunnskap krev eit godt og klart norsk fagspråk. Eit norsk fagspråk er viktig for norsk offentlegheit, men det er òg viktig for å sikra at forskinga universiteta og høgskulane driv med, har legitimitet i det norske samfunnet og gjev bidrag som er relevante for samfunnet.

I den samanhengen vil Språkrådet understreka at nynorsken, som er eit mindretalsspråk både i utdanningssektoren og elles i samfunnet, har særleg vanskelege kår. Det er difor viktig at sektoren løftar fram nynorsk som likestilt norsk skriftspråk, og at sektoren ser til at studentane får oppfylt dei språklege rettane sine.

Språkrådet minner også om at Noreg har eit særskilt ansvar for dei norske minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og for norsk teiknspråk.

Merknader til dei einskilde føresegnene

§ 2-2 Ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk

Merknad til § 2-2 første ledd: Universiteter og høyskoler har ansvar for å vedlikeholde og vidareutvikle norsk fagspråk

Språkrådet stør framlegget til lovutvalet om å vidareføra ei eiga føresegn om ansvaret universitet og høgskular har for å utvikla og vedlikehalda norsk fagspråk. Me er nøgde med at føresegna er løfta fram i kapittelet om verksemd og ansvar, og at ordlyden er endra i tråd med klarspråksprinsippa.

Språkrådet stør framlegget om å vidareføra merknadane til føresegna, slik at dei kan tena som ein rettleiar for institusjonane som skal etterleva føresegna. Norsk som

fagspråk er vigg eit eige kapittel i NOU-en, og det kan bidra til å synleggjera kva ansvaret for norsk fagspråk faktisk vil seia.

Likevel er det sjølve føresegna som er viktigast for dei som skal bruka lova. Språkrådet har erfart at institusjonane ikkje har god nok kjennskap til meiningsinnhaldet i formuleringa «ansvar for utvikling og vedlikehold av norsk fagspråk» i den gjeldande lova, sjølv om det blir uttrykkeleg presisert i forarbeida kva ansvaret inneber. Sidan om lag den same formuleringa er teken inn i lovframlegget, er me uroa over at føremålet med føresegna framleis ikkje kjem godt nok fram for dei som skal etterleva lova.

Språkrådet meiner difor at det kan vera føremålstenleg å endra ordlyden i første ledd, slik at han i større grad speglar intensjonen med føresegna.

Framlegg til ny ordlyd i § 2-2 første ledd:

Universiteter og høyskoler har ansvar for å bruke, utvikle og tilgjengeliggjøre norsk fagspråk.

Grunngjeving for framlegget:

Eit utval som var oppnemnt av Språkrådet, la hausten 2018 fram rapporten *Språk i Norge – kultur og infrastruktur*². I rapporten blir det slege fast at bruken av engelsk innanfor høgare utdanning aukar, og at arbeidet med norsk fagspråk blir nedprioritert i sektoren. Dessutan uroar tilsette i sektoren seg for det norske fagspråket. Dei norske studentane «lærer ikke norske faguttrykk fordi de viktigste uttrykkene er på engelsk. Det er få norske lærebøker og all forskning foregår på engelsk». Dette kjem fram i ein fersk og førebels upublisert rapport frå Fafo³.

§ 1-7 i den gjeldande lova slår fast at universitet og høgskular har eit ansvar for å vedlikehalda og vidareutvikla norsk fagspråk. Føresegna har hatt liten verknad. I løpet av dei ti åra som er gått sidan ho blei innført, har engelsk teke meir og meir over i høgare utdanning og forskning. Språkrådet er ikkje kritisk til bruk av engelsk i seg sjølv, men me er uroa over at engelsk fortrengrer norsk språk generelt og norsk fagspråk spesielt. Difor er det naudsynt å tydeleggjera meiningsinnhaldet i føresegna.

Universitets- og høgskulelovutvalet framhevar at «[d]et å ha en levende norsk terminologi og levende norske faguttrykk er svært viktig på de fleste områder i samfunnet, blant annet for å kunne trekke forskning inn i norsk, offentlig debatt», og vidare at «[d]et derfor er viktig at institusjonene som tilbyr høyere utdanning, legger til rette for og deltar aktivt i å utvikle norske faguttrykk og norsk terminologi som igjen kan brukes i andre deler av samfunnet».

Språkrådet deler dette synet. Skal norsk bli brukt på alle område i samfunnet òg i framtida, må det finnast norsk terminologi og eit levande norsk fagspråk som kan fungera ved sidan av det engelske på alle fagområde. Det norske fagspråket er

² *Språk i Norge – kultur og infrastruktur*, s. 46–53:

https://sprakinorge.no/wp-content/uploads/SprakiNorge_web.pdf

³ *Norskkompetanse blant arbeidstakere født i utlandet*. Fafo. 2020. Upublisert rapport.

avgjerande for at kunnskap skal kunna formidlast og takast i bruk i samfunnet, og i Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)* blir dette understreka (s. 71):

Ein grunnleggjande føresetnad for at norsk skal vere eit komplett, samfunnsberande språk, er at det kan brukast til å utveksle og formidle spesialisert kunnskap. Dette krev at det finst tilgang på norske fagord og faguttrykk – ein norsk fagterminologi – som kan danne grunnlaget for fullverdig fagleg kommunikasjon på norsk, både bokmål og nynorsk.

Fagterminologien er ein svært viktig del av fagspråket, i ein del disiplinar den viktigaste delen. Mangelen på norsk fagspråk og fagterminologi er ein av dei største trugslane mot norsk som eit fullverdig og samfunnsberande språk. Om ein ikkje har norsk fagspråk og terminologi, vil det i siste instans føre til at fagfolk ikkje vil vere i stand til å skrive og snakke om vesentleg fagstoff på norsk, og det vil kunne skje eit språkskifte til engelsk i dei faga der påverknaden frå engelsk er størst. Ein vil då vere vitne til domenetap.

Norsk fagspråk må bli *brukt, utvikla og gjort tilgjengeleg*. Om fagspråket skal overleva, må det vera skriftfesta, kvalitetssikra og tilgjengeleg. Norske fagtermar må utviklast i takt med importen av termar frå engelsk, og dei må gjerast tilgjengelege i til dømes norske læremiddel, nettbaserte leksikonartiklar og to- eller fleirspråklege fagtermlister og termbasar, slik at dei kan brukast også utanfor universitets- og høgskulesektoren.

I Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)* blir det framheva at UH-sektoren har «ei særleg strategisk språkpolitisk rolle i å vidareutvikle fagspråket gjennom å lage og bruke norskspråklege fagtermar. Likevel er UH-sektoren eit stykke unna å nå dei politiske måla om eit norsk fagspråk og ein norsk terminologi som dekkjer alle disiplinar det blir undervist i og forska på».

I forarbeida⁴ til § 1-7 i den gjeldande lova heiter det at ansvaret for norsk fagspråk inneber at universiteta og høgskulane skal

- *bruka* norsk dersom det ikkje er bestemte grunnar til at engelsk eller eit anna framandspråk bør brukast i staden
- *utvikla* nye fagtermar på norsk, både bokmål og nynorsk
- *utvikla* norskspråklege læremiddel for høgare utdanning
- *tilgjengeleggjera* fagtermar i fagordlister og termbasar

Ei endring av ordlyden i framlegget til ny lov § 2-2 første ledd vil difor gjera det tydeleg kva som ligg i det ansvaret universitets- og høgskulesektoren har for å forvalta norsk fagspråk, slik at me òg i framtida er sikra eit godt norsk fagspråk. Det er viktig at Kunnskapsdepartementet lagar nasjonale ordningar som legg til rette for at desse arbeidsoppgåvene (med terminologi og læremiddel) blir prioriterte i sektoren, slik at lovføresegna blir følgt opp.

⁴ Ot.prp. nr. 71 (2008-2009) Om lov om endringer i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler, s. 20–21: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-71-2008-2009/id556333/>

Merknad til § 2-2 andre ledd: Institusjonen skal tilby eksamen på den målformen studenten ønsker

Utvalet føreslår å utvida dagens § 1-7 med eit ledd som gjev alle studentar ein lovfesta rett til å få eksamen på ønskt målform.

Institusjonen skal tilby eksamen på den målformen studenten ønsker.

I dag er retten til å få eksamen på ønskt målform regulert av ei særskild forskrift til mållova, *forskrift om målform i eksamensoppgåver*. Mållova og forskrifta gjeld ikkje for private institusjonar. Det er altså berre eksamenskandidatar ved statlege lærestader som i dag har lovfesta rett til eksamensoppgåve på ønskt målform.

Språkrådet stør difor framlegget frå utvalet om å lovfesta retten til eksamen på ønskt målform i UH-lova, og å utvida han til å gjelda studentar ved private institusjonar for høgare utdanning. Det er ekstra viktig at denne retten kjem med i UH-lova, sidan dagens mållov og framlegget til ny språklov berre gjeld statlege lærestader. Me reknar med at ei slik lovfesting vil skapa større språkpolitisk medvit og ansvar i heile utdanningssektoren.

Kvart år får Språkrådet fleire titals klager frå studentar som ikkje har fått eksamen på den målforma dei har bede om. Alle er studentar som ønskjer å få eksamen på nynorsk. Slik har situasjonen vore lenge. Det gjev grunn til å tru at mange utdanningsinstitusjonar manglar både ein god kultur på området og rutinar for å laga eksamensoppgåver på god og korrekt nynorsk.

Når det no blir lovfesta at både Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet har eit særleg ansvar for å hegna om retten til å få eksamen på ønskt målform, må begge departementa sjå til at universitets- og høgskulesektoren etterlever lovverket. Arbeidet må koordinerast, slik at departementa ikkje formidlar ulike tolkingar av lovverket. Når retten til å få eksamensoppgåver på ønskt målform blir teken inn i universitets- og høgskulelova, blir sektoransvaret tydelegare. Språkrådet meiner at det kan føre til betre oppfølging og etterleving av lovverket på dette området.

Framlegg om nytt tredje ledd til § 2-2

Det språkpolitiske arbeidet, inkludert arbeidet med norsk teiknspråk, skal vera tverrfagleg og sektorovergripande, og det skal vareta interessene til språkbrukarane.

Språkrådet meiner difor at § 2-2 bør innehalda eit ledd som viser at føresegna også omfattar norsk teiknspråk.

Framlegg om nytt tredje ledd i § 2-2:

Universiteter og høyskoler har ansvar for å videreutvikle tegnspråk som fagspråk ved institusjoner som tilbyr tegnspråkfag eller tilknyttede fagfelt.

Grunngjeving for framlegget:

Norsk teiknspråk er anerkjent som eit fullverdig norsk språk. Det vil seia at det skal kunna brukast i alle samanhengar og i alle delar av samfunnslivet, og at det har eit spesialisert ordforråd.

Teiknspråk må ikkje bli sett på som ein kommunikasjonsmetode for menneske med nedsett funksjonsevne, men som eitt av fleire språk som blir nytta i eit mangespråkleg samfunn. Teiknspråk har ein grunnleggjande verdi, mellom anna som identitetsmerke og kulturuttrykk for ein språkleg minoritet i det norske samfunnet. Norsk teiknspråk er også eit genuint norsk språk, ein del av den norske kulturarven og ein del av det språklege mangfaldet i landet. Difor må universitets- og høgskulesektoren leggja til rette for at norsk teiknspråk blir teke vare på som språk.

§ 2-3 Særlig ansvar for enkelte institusjoner

Framlegg om vidareføring av innhaldet i § 1-4 tredje ledd i gjeldande lov

Språkrådet går inn for å vidareføra innhaldet i § 1-4 tredje ledd i den gjeldande universitets- og høgskulelova i ny § 2-3.

Grunngeving:

§ 2-3 er meint å dekkje § 1-4 tredje og fjerde ledd i den gjeldande UH-lova. I NOU 2020: 3 blir desse føresegnene vurderte slik:

- *Bestemmelsen i § 1-4 tredje ledd om at departementet kan gi enkelte institusjoner et særskilt nasjonalt ansvar for forskning eller undervisning på bestemte fagområder, videreføres ikke.*
- *Bestemmelsen i dagens § 1-4 fjerde ledd om at departementet i samråd med en institusjon kan legge driften av en nasjonal fellesoppgave til institusjonen, uten at institusjonens egne styringsorganer har ansvaret for den faglige virksomheten, videreføres, men med den justering at bestemmelsen ikke begrenses til «nasjonale» oppgaver.*

For Språkrådet er det relevant å kommentera både tredje og fjerde ledd i den nemnde føresegna.

Merknad til vurderinga av § 1-4 tredje ledd i den gjeldande lova

Når det gjeld § 1-4 tredje ledd, konkluderer universitets- og høgskulelovutvalet med at Kunnskapsdepartementet har andre verkemiddel som kan brukast for å leggja nasjonalt ansvar på enkeltinstitusjonar. Styringsdialog og tildelingar over statsbudsjettet blir nemnde som døme på slike verkemiddel. Samstundes understreker utvalet at ordningane for samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK) i regi av sektoren sjølv er i tråd med den overordna føresetnaden om institusjonell autonomi. Språkrådet meiner at SAK-samarbeidet i sektoren ikkje har vore nok til å sikra forskning og utdanning på fagområde som er særleg viktige for norsk forvaltning, for norsk kulturminnevern og for oppfølging av særskilt ansvar som Noreg har etter internasjonale konvensjonar. Dei fagområda dette gjeld, er særleg stadnamnforskning, leksikografi, terminologi, datalingvistikk osv., altså fagområde som i hovudsak gjeld systematisk forskning i det norske ordforrådet.

Merknad til vurderinga av § 1-4 fjerde ledd i den gjeldande lova

Utvalet foreslår at § 1-4 fjerde ledd blir vidareført. Språkrådet vil gjera det klart at § 1-4 fjerde ledd ikkje representerer noko alternativ til § 1-4 tredje ledd når det gjeld behovet for stabile organisatoriske einingar som har ansvar for å vareta forskning og

undervisning på utsette nasjonale fagområde. Med § 1-4 fjerde ledd blir styringsansvaret for organisatoriske einingar lagt utanfor institusjonen sine egne styringsorgan. Slike einingar har vore nytta til fagadministrative fellesoppgåver for UH-institusjonane (Samordna opptak, Bibsys osv.).

På nokre forskingsområde er det først og fremst omsyna til institusjonell økonomi som gjer at potensielt viktige samfunnsoppgåver ikkje blir dekte. Det gjeld forskingsområde der vitenskaplege samlingar er ein integrert del av forskingsverksemda, og der det samstundes er små studentgrupper. Dei fagområda Språkrådet særleg er opptekne av, er ordinære forskingsfelt, men dei har over tid vist seg å vera kostnadskrevjande og dermed økonomisk lite attraktive for institusjonane i UH-sektoren.

Særskilt om samisk, teiknspråk og nasjonale minoritetsspråk

I tillegg til dei fagområda som er nemnde ovanfor, kan det også vera aktuelt å leggja nasjonalt ansvar for fagområda norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes på enkeltinstitusjonar.

I NOU-en blir det i kapittel 13 punkt 13.3 (s. 121) peika på at Samisk høgskole har «et spesielt ansvar for det samiske og samisk språklige». Språka i Noreg skal behandlast likt.

I framlegget til ny språklov⁵ er det slege fast at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg (§ 7), at kvensk, romani og romanes er dei nasjonale minoritetsspråka (§ 6), og at desse språka som språklege og kulturelle uttrykk er likeverdige med norsk. I framlegget står det også at offentlege organ har eit ansvar for å verna og fremja desse språka (§ 1). I proposisjonen blir det slege fast at språk treng «konkret og symbolsk institusjonell støtte for å ha gode levevilkår», og at det også gjeld dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk (s. 8). Med andre ord blir desse språka ein del av det ansvaret som ligg på universitets- og høgskulesektoren. Skal samfunnet kunna fremja og verna dei og oppfylle kravet om at dei skal vera likeverdige med norsk, må enkeltinstitusjonar få ansvaret for forskning og utdanning i desse språka.

Norsk teiknspråk har dei siste åra fått svekte intergenerasjonelle språkarenaer fordi Kunnskapsdepartementet har lagt ned døveskulane. Det trengst effektive tiltak for å få til ei revitalisering og eit teiknspråkleg fagmiljø med teiknspråk som fagspråk for å bota på problemet. Det trengst særskilte tiltak for å få rekruttert studentar til høgare utdanning i norsk teiknspråk.

Dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes har fått svekte språkarenaer og svak rekruttering til høgare utdanning på grunn av fornorsknings- og assimileringspolitikken. Det trengst tiltak for å byggja opp og styrka fagmiljøa for dei

⁵ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/92c0cb2b20ba4d2aac3c397c54046741/nno/pdfs/prp201920200108000dddpdfs.pdf>

ulike språka. Det trengst òg særskilte tiltak for å få rekruttert studentar til høgare utdanning i dei nasjonale minoritetsspråka.

Ei vidareføring av innhaldet i § 1-4 tredje ledd i gjeldande lov vil gjera det mogleg for staten å etablere stabile forskings- og utdanningseiningar på fagområde der Noreg har internasjonale plikter, og på område med forvaltningsoppgåver som krev stabile fagmiljø, og som er viktige for samfunnet, men som institusjonane sjølve ikkje prioriterer. SAK-samarbeidet er ikkje eit sterkt nok verkemiddel for å sikra fagmiljø som trengst for at Noreg skal kunna oppfylle pliktene sine både nasjonalt og internasjonalt.

Språkføring og terminologi i lovframlegget

Dei siste åra har me registrert ei aukande interesse for språket i lover og forskrifter. Krav om klart språk og ryddig struktur inngår no i mandatet til stadig fleire utval som skal skriva nye eller revidera eksisterande lover. Universitets- og høgskulelovutvalet er eitt av dei. I mandatet til utvalet heiter det mellom anna at «lovforslag[et] skal ha god struktur og være skrevet i et godt og klart språk slik at forslaget også forstås av de som ikke er jurister».

Språkrådet har ei sentral rolle i klarspråksarbeidet i offentleg sektor, og språkleg kvalitetssikring av lovtekstar er ein viktig del av oppdraget vårt. Me har vurdert lovteksten med utgangspunkt i klarspråkskravet i mandatet. Dette kravet skapar forventningar om eit meir aktivt og verbalt språk enn det som faktisk er brukt i teksten. Etter vårt skjønn er språket i delar av lovframlegget unødig omstendeleg og komplisert.

Språkrådet oppmodar difor Kunnskapsdepartementet til å setja av nok tid til å revidera lovteksten språkleg etter høyringsrunden. Me tilbyr gjerne språkfagleg bistand i det vidare arbeidet med teksten.

I kapittel 9 punkt 9.3.9 i NOU-en viser utvalet til innspel om inkonsekvent bruk av terminologi og utydelege formuleringar i lovverket og påpeiker at omgrep må brukast på same måte i lov og forskrifter. Utvalet rår difor departementet til å setja av tid og ressursar til å gå gjennom lovføresegnene i samarbeid med Språkrådet. Språkrådet stiller seg bak denne oppmodinga frå utvalet og ser fram til å stilla terminologiske ressursar til rådvelde i arbeidet med lovproposisjonen.